

NOTAT

GÅR TIL: Styremedlemmar
FØRETAK: Helse Vest RHF
DATO: 07.09.2017
FRÅ: Administrerende direktør Herlof Nilssen
SAKSHANDSAMAR: Bjørn Ivar Bø
SAKA GJELD: Lærlingar i helseføretaka

ARKIVSAK 2016/2922
STYRESAK 082/17

STYREMØTE 07.09. 2017
Administrerende direktør si orientering pkt 5

Fakta

Helse Vest RHF har med innspel frå helseføretaka utarbeidd ein halvårleg rapport for utvikling av tal lærlingar.

Følgjande krav er stilt til helseføretaka i styringsdokumentet for 2017:

- Sikre tilstrekkeleg med utdanningsstillingar, praksisplassar og eigne læreplassar.

I tillegg til krav i oppdragsdokumentet for 2017 har Helse Vest frå 2005 stilt sjølvstendige krav til eigne lærlingar i styringsdokumenta til føretaka uavhengig av styringskrav frå Helse- og omsorgsdepartementet.

Kommentarar

Det er etablert halvårleg status rapportering for tal lærlingar. Inntak av lærlingar skjer etter sommarferieavviklinga. Fagprøver blir avlagt på litt ulike tidspunkt på året etter avslutta læretid. Statusrapporteringa vil derfor alltid vera ein punkt måling for utviklinga. Denne statusrapporteringa er basert på tilbakemeldingar frå helseføretaka. Utover tal lærlingar har helseføretaka gitt opplysingar om tal fagarbeidarar for kvart av områda dei har lærlingar. Aldersfordelinga for fagarbeidarar legg og premissar for tal lærlingar. For nokre tekniske fag må føretaka samarbeida med tekniske entreprenørar eller andre verksemdar for å utfylla krav til læreplanane for det einskilte faget.

Helse Stavanger

Klinikk/Divisjon/ avdeling	Fagområde	Tal lærlingar	Tal fagarbeidarar	Tal fagarbeidar per lærlingar	Tal lærlingar start hausten 2017
Avdeling for Fag- og føretaksutvikling - Helsefag lærlingar/ Brukarutval/ Prosjekter	Helsefagarbeidar	52	339*	6,5	26
Divisjon for Medisinsk service - Ambulansetjenesten	Ambulansefaget	20	121**	6,1	10
Divisjon for Driftsservice - Avdeling for sikkerhet og service - Seksjon for vakt og sikring	Sikkerhetsfaget (vektar)	4	10	2,5	2
Divisjon for Driftsservice - Avdeling for sikkerhet og service - Portørseksjonen	Portørfaget	6	11	1,8	3
Divisjon for Driftsservice - Eigedomsavdeling - Byggseksjonen	Anleggsgartnar faget	1	2	2	
Divisjon for Driftsservice - Eigedomsavdeling - Elektroseksjonen	Byggdrift faget	1	8	8	
	Kontor- og administrasjonsfaget	1			1
Totalt for Helse Stavanger		85	491	5,8	41

* Helsefagarbeidarlærlingane er tilsett på ein eigen kostnadsstad. Vi kan derfor ikkje ta ut tall på tal fagarbeidarar i fast stilling på denne avdelinga. Talet viser derfor totalt tal helsefagarbeidarar i fast stilling i heile føretaket pr. aug. 17. Talet er henta frå HR-kuben (det er derfor uvisst om alle 339 faktisk har fagbrev) og inkluderer ikkje personer som er i lønna eller ulønna permisjon.

** Talet er henta frå HR-kuben og viser ambulansespersonell i fast stilling i heile føretaket pr. aug. 17. Talet inkluderer ikkje personer som er i lønna eller ulønna permisjon. Det er uvisst om alle 121 faktisk har fagbrev.

I tillegg til lærlingane i tabellen over, har vi og medarbeidarar som tar fagbrev i kontor- og administrasjon, reinhald, helsearbeidarfaget osv. Lærlingen som vi har hatt innan elektro (i regi av NAV), har nå bestått fagprøven.

Helse Fonna

Klinikk/Divisjon/Avdeling	Fagområde	Tal lærlingar	Tal fagarbeidarar	Tal fagarbeidar per lærlingar	Tal lærlingar start hausten 2017
Internservice – Matforsyning Haugesund	Institusjonskokk	2	11	5,5	1
Medisinsk klinikk – Hemato/endo/infeksjon	Helsefagarbeidar	1	3	3	8
Medisinsk klinikk – Nevro/slag	Helsefagarbeidar	2	9	4,5	
Medisinsk klinikk – Gastro / nephro	Helsefagarbeidar	1	1	1	
Medisinsk klinikk – Lunge	Helsefagarbeidar	3	4	1,3	
Medisinsk klinikk – Kardiologisk	Helsefagarbeidar	1	3	3	
Kirurgisk klinikk – Kar/mammae	Helsefagarbeidar	1	3	3	
Kirurgisk klinikk – Ortopedisk	Helsefagarbeidar	2	6	3	
Kirurgisk klinikk – Gasto /urologi	Helsefagarbeidar	2	7	3,5	
Somatikk Stord – Lunge/hjerte (medisinsk)	Helsefagarbeidar	1	8	8	
Somatikk Stord – Gastro/slag/generell (medisinsk)	Helsefagarbeidar	1	2	2	
Somatikk Stord – Generell kirurgi	Helsefagarbeidar	1	3	3	
Klinikk for Medisinsk service og beredskap – Haugesund ambulansestasjon	Ambulanse	4	21	5,25	9
Klinikk for Medisinsk service og beredskap – Vindafjord ambulansestasjon	Ambulanse	2	12	6	
Klinikk for Medisinsk service og beredskap – Odda ambulansestasjon	Ambulanse	2	15	7,5	
Klinikk for Medisinsk service og beredskap – Stord ambulansestasjon	Ambulanse	4	11	2,75	
Klinikk for Medisinsk service og beredskap – Karmøy ambulansestasjon	Ambulanse	3	16	5,3	
Klinikk for Medisinsk service og beredskap – Bømlo ambulansestasjon	Ambulanse	2	5	2,5	
Klinikk for Medisinsk service og beredskap – Kvinnherad ambulansestasjon	Ambulanse	3	14	4,6	
Totalt for Helse Fonna		38	154	4,0	18

Helse Bergen

Klinikk/Divisjon/Avdeling	Fagområde	Tal lærlingar	Tal fagarbeidarar	Tal fagarbeidar per lærlingar	Tal lærlingar start hausten 2017
Voss, medisinsk	Helsefagarbeidar	2	11	5,5	29
Voss, kirurgisk	Helsefagarbeidar	2	6	3	
HUS, medisinsk	Helsefagarbeidar	14	85	6,1	
HUS, kirurgisk	Helsefagarbeidar	13	51	3,9	
HUS, barn kir/med	Helsefagarbeidar	5	23	4,6	
Medisinsk-teknisk	Finmekanikk	1			
Medisinsk-teknisk	Dataelektronikk	2			
KSK/Akuttmedisinsk avd.	Ambulanse	24	210	8,75	24
Barnehage		3	15	5	
Hospitaldrift	Sikkerheit	1	23	23	
Teknisk avdeling	Automasjonsfag	1	120	120	
HUS, DTD, Hospitaldrift, Matforsyning	Institusjonskokk	1	30	30	
Hospitaldrift Transport	Portør	3	5	1,7	
Hospitaldrift Transport	Logistikk	1	19	19	
Totalt for Helse Bergen		73	598	8,2	53

Helse Førde

Klinikk/Divisjon/Avdeling	Fagområde	Tal lærlingar	Tal fagarbeidarar	Tal fagarbeidar per lærlingar	Tal lærlingar start hausten 2017
Ambulansetenesta	Ambulansefag	31	478	15,4	6
Matforsyning	Institusjons kokk	2	31	15,5	2
Somatikk	Helsefag	22	167	7,6	2
Totalt for Helse Førde		53	676	12,75	10

Sjukehusapoteka Vest er ikkje godkjent lærebedrift.

Helse Vest RHF blei godkjent som lærebedrift i 2017, og har sidan juni 2017 hatt ein lærling i kontor- og administrasjonsfag.

Helse Vest IKT har nyleg auka tal lærlingar frå 4 til 6 og har ikkje nokon strategi for å auke tal lærlingar utover dette. Helse Vest IKT vurderer dette som rett tal lærlingar dersom læreperioden skal være god. I seksjonen er det 43 fast tilsette fagarbeidarar(eller med tilsvarande oppgåver/kompetanse).

Totalt for føretaksgruppa Helse Vest per august 2017 er det 256 lærlingar inkludert 1 frå Helse Vest RHF og 6 frå Helse Vest IKT. Av desse er det 124 som er helt nye hausten 2017. Det er verdt å nemne at grunnen til at tal lærlingar varierer i løpet av eit år er at læretida for dei ulike faga har ulik lengde og avgangen av lærlingar gjennom eit opplæringsår vil derfor vere ulik. Derfor blir nok totalt tal lærlingar for heile 2017 høgare enn det statusrapportering per august 2017 syner. Ein annan årsak til at Helse Bergen har ein nedgang frå mai 2017 til august 2017 er at dei har ikkje tatt opp nye eigne Helsefagarbeidarar då dei evaluerer lærlingordninga. Helse Bergen har eigne TAF lærlingar (Teknisk Allmennfaglig utdanning) som går gjennom fire år, men dei vurderer å gå over til ordinære lærlingar. Helse Bergen har tilsett ein eigen lærling koordinator. Helse Stavanger har hatt eige opplæringskontor/koordinator for lærlingar sidan 14. august 2008. At dette nå også blir etablert i Helse Bergen er svært positivt.